



Hjelmås Vvs AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2209 - 17/23912

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
25.08.2017

## Førebels svar på søknad om utsleppsløyve og løyve til å etablera anlegget - gbnr 58/42, 58/114, 58/119 og 58/129 Lygre indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.07.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK 10) § 5-4 og forureiningsforskrifta § 12-4. Vi har følgjande merknader:

- Vi forstår at søknaden gjeld eigedomane gbnr 58/42, 58/114, 58/119 og 58/129, sjølv om grunneigarerklæring og erklæring om solidarisk ansvar omfattar også eigedomane gbnr 58/127 og 58/128.
- Omsøkte tiltak er i strid med pbl § 1-8 og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon før utsleppsløyve kan gjevast og etablering av tiltaket kan godkjennast. Søknaden om dispensasjon skal grunngjevast og nabovarslast.
- Tiltaket er ikkje tilstrekkeleg nabovarsla. Både anlegget og utsleppet skal nabovarslast. Naboar på gbnr 59/2, 59/10 og 59/11 bør også varslast, jf tidlegare rettleiing i saka.
- Omsøkt utsleppspunkt vil ikkje bli godkjend. Slik tidlegare formidla er det knytt utfordringar til resipienten i området. Omsøkte utslepp må først ut av området til Lureosen.
- Det må sendast inn dokumentasjon som viser plassering av slamavskiljaren i forhold til terreng og gjerast greie for korleis leidningen skal først ut i sjø (gravast ned, sprenging av grøft, borehol eller liknande).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.10.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Laila Mjanger

Fantoftneset 9

5072

BERGEN

### **Mottakarar:**

Hjelmås Vvs AS

Leknesvegen 183

5915

HJELMÅS